

Lindås kommune  
Att: Eirik Berntsen  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØ

## Lindås kommune Hordaland - Uttalelse til søknad om dispensasjon for utfylling i sjø samt oppføring av to naust gnr234 bnr43 Eide Ytre

Vi viser til brev fra Lindås kommune datert 12.09.2019 om ovannemde sak.

### Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

### Om søknaden

Søknaden gjeld dispensasjon for terrenginngrep, utfylling i sjø og oppføring av eitt eller to naust. Egedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som *LNF-område* på land og *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandlinje* i sjøen. Vidare ligg tiltaket i omsynssone *Friluftsliv* og *Gytefelt Torsk-Hindenesfjorden*.

### Uttale frå Fiskeridirektoratet region Vest

I følgje vårt kartverktøy [Yggdrasil](#), som de finn på vår heimeside, er det registrert eit *lokalt viktig gytefelt* for torsk og ein kaste- og låssettingsplass i området det vert søkt dispensasjon. Informasjonen om bruken av låssettingsplassen er gammal, og i faktaboksen om låssettingsplassen kan vi blant anna lese at det har vert låssett fisk lenger ute mot holmane, og at det i 2002 var tvilsomt om området vart brukt til låssetting. Området er ikkje sett av til ein-kategori *Fiske* i gjeldande kommuneplan. Vi meiner at oppføring av naust, både eitt og to naust, ikkje vil vere i konflikt med bruken av område som låssettingsplass, i og med at det ikkje er sett av til dette føremålet i kommuneplanen sin arealdel (vedteken i 2011). Tiltakshavar må likevel forvisse seg om at det ikkje står fisk i lås i området ved sprenging og utfylling av masser i sjø.

Tiltakshavar kan ta kontakt med Norges Sildesalgslag ved Roald Oen på telefon 911 34 839. Han har god kontroll på kor det er låssatt fisk til ei kvar tid.

Når det gjeld utfylling i sjø kan dette ha ein negativ effekt på gytefeltet i Hindenesfjorden. Vi ber om at det vert teke omsyn til torsken sin gyteperiode ved utfylling i sjø. Torsken gyt frå februar til og med april, og vi ber om at ein unngår både sprenging og utfylling i sjø i dette tidsrommet. Dumping av masser i strandsona skal primært skje på haust og tidleg vinter. Dette fordi det er den perioden av året då livet i strandsona er mest i ro.

Med hilsen

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ina Giil Solheim  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift.*



## Mottakerliste:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 41 5914 ISDALSTØ

Kopi til:

# Bergen og Omland Farvannsforvaltning Iks Fiskarlaget Vest

Nøstegaten 30 5006 BERGEN  
Slottsgaten 3 5003 BERGEN

